

## Kvifor har Velferd vorte så upopulært?

*Sjukeheimen vert omgjort til sjukehus. Slik sparer staten på sjukehusdrifta og let kommunen ta over. Men då har ikkje kommunen råd til eldreomsorg lenger, så det må privatfolk ta seg av sjølve. Velferdsstaten kollapsar og vi må setje bestemor på kår. Veljarane har valt lågare skatt og mindre statleg inngripen i staden for velferd – for det var ingen som verdsette velferdsstaten lenger.*

Kommunestyret i Hareid har valet mellom nedskalering av «Velferdsstaten,» eller ROBEK den 25. februar. Det er resultatet av ei ukritisk marknadsliberalisering og New Public Management. Avisa skriv om åtte plassar på Hadartun. Pårørandeforeninga har gjort ein kjempejobb, men det er snakk om mykje meir – barnevern, NAV, habilitering, helsetenester, osv. Velferd krev arbeidskraft – men ingen vil betale for den, og sidan dette har vorte ei «vare» som ingen betalar for – ja, då går den ut av sortementet. Velferdsstaten har vorte upopulær.

I korte trekk er dette effekten av reformene siste par tiåra. Å gjere sjukehus om til bedrifter/foretak – “helseforetak” har vore ei av dei verste for kommunene. Fagmiljøa, samfunnsforskarar og reformkritikarar har åtvara sidan starten. Men no er det for seint. Trenden har gått jamt og trutt sidan Blairismen i Europa og Stoltenberg i Noreg. Ja, vi kan gjerne gå tilbake til Thatcher og Willock – sjølv om dei ikkje rakk alt på 80-talet. Ideen om at Velferdsstaten ikkje er “lønsam og berekraftig” kom raskt etter at svake grupper fekk påspandert eit betre liv utetter 60- og 70-talet.

Historiene er dei same i mange andre kommunar og mange land. I England la dei skulda på EU og røysta Brexit. Det kan ikkje vi. I Danmark og Sverige skuldar dei på innvandrarar. Men med så mykje oljepengar på bok kan vi ikkje skulde på dei heller. 100 000 nordmenn har konkrete planar om å investere i ein ekstra bustad eller hytte, skriv finansavisene! Vi er dei første som burde innsett kva veg det bar: I valet mellom offentleg velferd og privat velstand valde vi privat velstand. Vi vil styre våre eigne liv. Paradokset er at om ikkje Velferdsstaten gjer jobben, ja, då vert Velferden lagd ned og vi må tilbake til 60-talet og gjere velferdsjobben privat eller i heimane våre.

### «Kommunal produksjon»

Kommunen vert no oppfatta som ei bedrift. Kommunen skal levere «varer og tenester» som vi «betalar» skatt for. Problemet med å tenke på kommunen som ei bedrift er at vi då forventar ei viss vare for denne betalinga. Både dei som treng tenesta – barn, eldre, uføre, sjuke, osv. – og dei som ikkje treng offentlege varer og tenester. Dei som då ikkje ser behovet for velferdstenester mister viljen til å betale for dei og røyster mot offentlege utgifter, skattar og reguleringar. Dei som ikkje er trengande har no mista viljen til å betale for dyr velferd – mista viljen til å fordele overskotet gjennom skatt og mista evnen til å bidra til dei som treng. Denne fordelinga gjennom Velferdsstaten er ikkje populær lenger og Velferdsstaten vil dermed forsvinne når rekneskapens time står for døra.

Slik fungerer kommunen dersom ein ser på det som ei bedrift. No får kommune-“direktøren” bedriftsrevisjonen på nakken dersom “produksjonen” ikkje gjev avkastning. Då kjem konsulentane frå statsforvaltaren og spør kvifor vi ikkje har følgd rettleiarar om omsorgstrappa og velferdsteknologi og kan ta ansvar for nyutskrivne og stykkprisfinansierte sjukehusklientar. Det er vår eigen feil at folkehelsa ikkje fyl KOSTRA-snittet. Det må vi ordne lokalt – eller privat/personleg. Staten “betalar” kostnaden for ei produsert “gjennomsnittsvare” – avvik eller individuelle behov finst ikkje. Pleietrengande og pårørande har allereie “betalt” vara gjennom skatten og forventar dermed at “vara” held den forventa gjennomsnittskvaliteten. Dermed er bedriftsgjeringa, marknadsliberalismen og den effektiviserte Velferdsstaten komen til Hareid også. Direktøren vert plent nøydd til å levere i høve snittet – eller sett under administrasjon.

Visst vi ikkje snur desse gamaldage 70-, 80-talsideane vil den kommunale velferden sakte, men sikkert forsvinne og setje oss tilbake til eit før-velferdssamfunn. Kommunestyret har “funne” desse fem eller ti millionane mange gonger før. Men det er ei grense for kort fort ein kan få dei tilsette til å springe. Lyset i tunellen kan vere ei omdefinering til kollektiv eller ein kategori som slår anleis ut i

staten si utrekning – alternativt ein kombinasjon av samanslåing og fleksibel bruk av andre avdelingar. Uansett kva ein kallar det vil behovet vere det same – så vi vonar kommunestyret greier å halde på tenestene lenge nok til at denne nasjonale reform- og nedbyggingstrenden snur. Sjølv om det ikkje er råd å vere upåverka av dei rammevilkåra som vi får utdelt, vil iallfall Folkelista gjere alt vi kan for å stå i mot denne utviklinga.

Folkelista for Hareid kommune  
Kristian Fuglseth, gruppeleiar